



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
16/176787-9

Dykkar referanse:

Vår dato:
25.04.2019

Oversender til handsaming – klage på avslag om utvida bruk av avkøyrslø – Fv. 209 – Gnr. 43 bnr. 94 – Fjell kommune

Statens vegvesen har den 11.12.2018 mottatt klage på avslag på søknad om utvida bruk avkøyrslø frå Fv. 209 for ny tilkomst til 2 ny bustadeiningar på nye parsellar av gnr. 43 bnr. 94 i Fjell kommune. Søknad av 05.12.2018 og klage er fremja av Sartor Maskin as.

Dokument i saka (utval)

1. Søknad d. 26.10.2018
2. Svar på søknad d. 05.12.2018
3. Klage d. 10.12 .2018

Saksutgreiing:

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrslø Fv. 209, hp1, km 1,861 til 2 nye parsellar av gnr. 43 bnr. 94. (totalt 2 bueiningar)

Avkøyrsløpunktet frå Fv. 209, hp1 ved km 1,861 er smalt og tilfredsstillar pr. i dag ikkje tekniske krav til utforming jfr. handbok N100 og V121. Talet på brukarar tilseier at det i avkøyrsløpunktet skal vere minimum 6 x 54 meter sikt i begge retningar. Svingradius må vere minimum 9 meter. Skilta fart på staden er 50 km/t. Jfr. Nasjonal vegdatabank (NVDB) er ÅDT total berekna til 2600 køyretøy (2018). Busslomme er plassert like ved avkøyrslø.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Avkøyrsla Fv. 209, hp1 ved km 1,861 til venstre i bildet.

Avkøyrslpunktet og fylkesveg 209 inngår reguleringsplan for vegutbetring i Arefjorden. Planen er framleis under arbeid.

I klagen viser Sartor Maskin AS til at dei tekniske tilhøva ligg godt til rette for utkøyring jfr. innsendt situasjonsplan med påført frisiktsone og svingradius. Det skal berre mindre tiltak til for å stette tekniske krav til avkøyrsla. I den grad vegvesenet meiner eksisterande tilhøve ikkje er gode nok ber klagar om at det i vegvesenet sitt vedtak vert sett krav om at tekniske krav til utforming skal vere stetta før frådeling.

Det vert også vist til at Rammeplanen seier at avkøyringsløyve til bustadføre mål normalt bør gjevast dersom tekniske krav blir tilfredsstilte.

I klagen skriv Sartor Maskin AS: «*Det blir problematisert og nytta som begrunning for avslag at kommuneplan pkt. 5 seier: « I område utan krav om regulering skal det ved søknad om oppføring av nye bustadeiningar dokumenterast at ROS (støy, flaum, steinsprang, brann o.l.); barn og unges interesser, uteopphaldsareal, naturmangfald og kulturminne er ivareteke. Heimel: pbl §§ 11–9, nr. 3–7.*

At dette vert nytta som grunnlag for avslag grunna trafikksikringstilhøve er ikkje akseptabelt. Skal ei så vidtrekkande tolking av denne bestemmelse leggst til grunn vil store

delar av området avsett til bustadføremål både i Fjell og andre kommunar i realiteten få byggeforbod»

Klagar synes å meine at vegvesenet ikkje skal leggje vekt på korleis tilhøva er langs fylkesvegen då Fjell kommune allereie har vedteke kommuneplanen som opnar for moderat bygging. Klagar viser til at det berre er i regulerte område at kommuneplanen set eksplisitte rekkefølgjekrav til etablering av samanhengande gang- og skuleveg. Dette må tolkast som at dokumentasjonskravet som følgjer av kommuneplanen pkt. 5 ikkje skal vektleggast på same måte.

Klagar viser til redusert trafikkbelastning i Arefjorden grunna regulering av gjennomkøyring. Dei trafikale tilhøva er derfor betre no enn då kommuneplanen vart vedteken.

Vurdering

Statens vegvesen vil fyrst og fremst presisere at vedtak om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse ikkje er grunngjeve eller heimla i kommuneplanens pkt. 5 – slik klagar hevdar.

Kommuneplanen pkt. 5 synleggjer eit dokumentasjonskrav knytt til ROS (her også trafikktryggleik) før det kan gjevast løyve til oppføring av nye bustadeiningar etter plan- og bygningslova. Klagar har rett i at det er Fjell kommune som skal ta stilling til om kravet er oppfylt, alternativt må kommunen vurdere om det kan gjevast dispensasjon frå den aktuelle føresegna. Ved ein eventuell søknad om dispensasjon skal saka sendast til råka instansar for uttale. I dette tilfellet Statens vegvesen.

Statens vegvesen kan ikkje sjå at det er søkt kommunen om dispensasjon og det er på det reine at tilhøva for mjuke trafikantar langs Fv. 209 ikkje er tilfredsstillande. Sjølv om tiltaket ikkje er avklara etter plan- og bygningslova (jfr. kommuneplanen pkt. 5) har vegvesenet som særlovsmynde anledning til å fatte eit vedtak om avslag med heimel i veglova § 40.

Søknaden om utvida bruk av avkøyrsløse er handsama på grunnlag av veglova, Statens vegvesen sine handbøker og føringar i *«Rammeplan for avkøyrsløse og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest»*

Til grunn for Statens vegvesen si handsaming av avkøyrsløsesaka ligg også *«Nullvisjonen.»* Stortinget vedtok i 2002 en Nullvisjon. Dette er en visjon om ingen drepne eller hardt skadde i vegtrafikken. I Nasjonal transportplan for 2018–2029 (Meld. St. 33 2016–2017) er det fastsett eit etappemål for utviklinga i talet på drepne og hardt skadde. Ambisjonen er at det maksimalt skal være 350 drepne og hardt skadde i 2030.

Klagar meiner at Statens vegvesen ikkje har høve til å vektlegge manglande trafikktryggleik på primærveg og at det er standarden på sjølve avkøyrsla det er søkt utvida bruk av som er relevant. At andre søkjarar har fått avslag i liknande saker meiner klagar at er irrelevant. (Til dømes saksnr. 18/131686, 19/29269)

Handbok R701 gjev føringar for vegvesenet sin handsaming av avkøyrlesøknader. Det er presisert at ein ved avkøyrlevurderinga må ta utgangspunkt i veglovens formålsparagraf § 1 a :

"Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles."

I praksis betyr dette at Statens vegvesen i si vurdering skal legge vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei **totalvurdering**, der det i tillegg til sjølve staden for avkøyrle også må takast omsyn til framkomelegheit og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrse frå.

Nye tal frå Statens vegvesen knytt til strekket Fv 209 Brattholmenkrysset – Arefjord–Rv 555 syner at det har vore ein stor reduksjon i trafikken (- 27%). Frå 409 til 299 = 110 færre bilar i tidsrommet 6–9. Strekninga er om lag 2,1 km lang. Reduksjonen er størst mellom Arefjord og Rv 555. Mellom Brattholmenkrysset og Arefjord er reduksjonen truleg mindre. Dette er ein strekning med lav standard, uten gangveg/fortau. Vegen fungerer også som skuleveg for born som skal til Brattholmen skule. Det er fleire avkøyrslar og kryss på strekninga. Kurvaturen er tidvis dårleg.

I dei seinare åra har Statens vegvesen fått eit auka ansvar for tilrettelegging for gåande og syklende. I Nasjonal transportplan 2014–2023 heiter det mellom anna at veksten i persontransporten i storbyområda skal takast ved kollektivtrafikk, sykkel og gange. Gjennom å vise til dette målet blir omsynet til gåande og syklende sterkare vektlagt også i enkeltsaker knytt til avkøyrslar.

Trafikkreguleringa i Arefjorden har truleg ført til noko lågare risiko på denne delstrekninga. Særleg gjeld dette for mjuke trafikantar. Det er likevel viktig å hugse på at den noko lågare risikoen er knytt til tidsrommet 6–9. Mjuke trafikantar ferdast langs fylkesvegen også utanom dette tidsrommet. Til dømes skal born heim frå skulen og til og frå fritidsaktivitetar.

Vegbilder frå staden

Fv. 209, hp1, km 2,137

Bilda over viser området ved kryss Fv. 209/Fv203 vest for Brattholmen skule.

Fv. 209 Arefjordvegen er smal og Fjell kommune arbeidar med planar for utbetring. Jfr. opplysningar frå Samferdselsavdelinga i Fjell kommune er det spesielt området i krysset mellom Fv. 209/Fv. 233 som er kritisk. Her blir skuleborn og andre mjuke trafikantar ofte ståande inneklemt mellom køyrande og rekkverk/mur. Også Statens vegvesen mottok med jamne mellomrom bekymringsmeldingar frå foreldre og FAU knytt til tilhøva i dette kryssområdet. Det er ikkje klart når eit tilbod til mjuke trafikantar kjem på plass.

Statens vegvesen viser til Nullvisjonen og meiner det pr. i dag ikkje forsvarleg å gje avkøyrsløyve til nye bustader langs Fv. 209. Heller ikkje ved ein eventuell byggesøknad til kommunen vil søkjar kunne dokumentere at tilhøva knytt til ROS (trafikktryggleik og barn og unges interesser (trygg skuleveg) er ivaretekne. At kravet i kommuneplanen sine føresegner pkt. 5 ikkje kan oppfyllest, tilseier at vegvesenet si vurdering i veglovssaka er rett.

Klagar ber subsidiært om at det vert utforma eit vedtak med vilkår knytt til teknisk utforming. Kravet til teknisk utforming er minimum 6 x 54 meter sikt i begge retningar. Svingradius må vere minimum 9 meter. I denne saka er det ikkje den tekniske utforminga av avkøyrsløypunktet som er vanskeleg å oppnå. Det kritiske i saka er mangelen på trafikktryggleik for mjuke trafikantar langs Fv. 209 Arefjorden. Eit vilkår knytt til teknisk utbetring av sjølve avkøyrsla vil ikkje ivareta dette. Det vil heller ikkje hindre presedensverknad knytt til handsaming av tilsvarande søknader i området som er utsett for eit stort utbyggingspress.

Tilråding til vedtak:

Statens vegvesen tilrår at vårt avslag heimla i veglova § 40 på søknad om utvida bruk av avkøyrsløypa frå Fv. 209, hp1 ved km 1,861 vert oppretthalde. Grunngevinga er omsynet til trafikktryggleiken på staden og faren for presedensverknad ved å gje eit avkøyrsløyve. Vi kan ikkje sjå at søkjar har kome med nye opplysningar i saka som ikkje allereie har vore vurdert i handsaminga av saka.

Med helsing
Statens vegvesen, Region vest

Hanne Hermanrud
Avdelingsdirektør

Hjalmar Olseth
Seksjonssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Sartor Maskin AS, Postboks 374, 5343 STRAUME

Straume, 10.12.2018

Statens vegvesen
Region Vest
Pb 43
6861 Leikanger

Klage på avslag om utvida bruk av avkøyrsl – Fv 209 – gnr 43, bnr 94 i Fjell kommune

Viser til avslag og vil med dette klage på avslaget

Vi er usamd med forutsetningane og vurderingane som ligg til grunn for vedtaket.

Dei tekniske tilhøva ligg godt til rette for utkøyring jfr innsendte situasjonsplan med påført frisktzone og svingradius. Kun bagatellmessige tilhøve skal til for å stette tekniske krav og kostnad med dette er så uvesentleg at det vil på ingen måte legge føringar for framtidige vegutbetringar etc. I den grad vegvesenet meiner eksisterande tilhøve ikkje er gode nok ber vi om at ein eventuelt stiller krav om at tekniske krav til utforming skal vere stetta før frådeling.

Vi viser vidare til Rammeplan for avkøyrsl for Fv209 som tilseier at «Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrsl til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krav blir tilfredsstilt».

Det blir problematisert og nytta som begrunning for avslag at kommuneplan pkt 5 seier: *I område utan krav om regulering skal det ved søknad om oppføring av nye bustadeiningar dokumenterast at ROS (støy, flaum, steinsprang, brann o.l.), barn- og unges interesser, uteopphaldsareal, naturmangfald og kulturminne er ivareteke. Heimel: pbl. §§ 11-9, nr. 3-7*

At dette vert nytta som grunnlag for avslag grunna trafikksikringstilhøve er ikkje akseptabelt. Skal ei så vidtrekkjande tolking av denne bestemmelse leggest til grunn vil store delar av området avsatt til bustadføremål både i Fjell og andre kommunar i realiteten få byggeforbod.

Vi gjentek våre argument i søknad:

Vi er kjent med at vegvesenet har vore skeptisk til etablering av nye bustadområder som skal nytte vegen før utbetring er gjennomført. Fjell kommune har gjennom behandling av kommuneplan allereie tatt stilling til dette og har godkjent område for mindre bustadbygging basert på eksisterande tilhøve. Fleire bueiningar vil kreve reguleringsplan der det vert stilt rekkefølgekrav om vegutbetring. Vi ventar derfor at vegvesenet respekterer vedtatte planar og gir løyve der godkjente planar åpner for mindre bustadbygging

Fjell kommune tok i gjeldande kommuneplan pkt 2.a inn krav om at «Byggeområde for bustad med gjennomføringssone som krev reguleringsplan kan ikkje byggjast ut før det er bygd samanhengande fortau eller gang- og sykkelveg fram til skule». Når tilsvarande krav ikkje gjeld for tiltak som iht kommuneplan pkt 1.c kan gjennomførast utan plan, er det nettopp fordi det i planprosess er vurdert som krav som ikkje er mogleg gjennomføre utan at det i

praksis vert byggeforbud. Det er ikkje ønska samfunnsutvikling og kommuneplan gir derfor løyve til bygging av 2 nye einingar innan kommuneplan sone 1 utan desse krav

Når vi som selskap gjer investeringar i eigedom er det viktig samfunnsinteresse og tillit til allmenn rettsfølelse at kan byggast i område avsatt til bustadføremål så lenge vi held oss til begrensingane i utbyggingsvolum kommuneplan gir.


I våre auger framstår vegvesenet sitt avslag som ein omkamp på kommuneplan der demokratiske valte organ har fatta vedtak om juridisk bindande plan som gir løyve til bygging så lenge utbyggingsvolum er avgrensa. Det går fram av Vegvesenet si vurdering at til trass for at kommuneplan har definert det som utbyggingsområde med gitt begrensingar, så er det «Statens vegvesen si klare oppfatning at tiltak må vente». Det er ein overprøving av demokratisk godkjente planar som vi meiner vegvesenet ikkje har grunnlag for å gjere. At vegvesenet har avslått utvida bruk av avkøyrsløse for andre eigedomar i området ser vi ikkje som relevant for vår sak. Vår sak må handsamast på individuelt grunnlag,

I denne konkrete sak er det og blitt mindre trafikkbelastning etter vedtak av plan grunna regulering av gjennomkøyring. Dei trafikkale tilhøva er derfor betre enn det som låg til grunn då plan vart vedtatt og det er derfor ikkje argument for å velje innskrenkande tolking av plan.

Vi ber derfor om at Statens Vegvesen sitt vedtak blir gjort om og at det vert gitt løyve til utvida bruk med 2 bueiningar.

Med venleg helsing

Sartor Maskin AS



Arild Bøthun

Dagleg leiar



Statens vegvesen

Sartor Maskin AS
Postboks 374
5343 STRAUME

Arild Bøthun

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
16/176787-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
05.12.2018

Avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsl – Fv. 209 – Gnr. 43 bnr. 94 – Fjell kommune

Fv. 209, hp1, km 1,861
Vi viser til søknad mottatt 26.10.2018.

Søknaden gjeld utvida bruk av avkøyrsl for tilkomst til 2 nye parsellar av gnr. 43 bnr. 94. Det vert i søknaden vist til at dette er tomter for einebustad. Vi legg difor til grunn at søknaden om utvida bruk gjeld for totalt 2 bueiningar.

Tekniske opplysningar:

Avkøyrslpunktet frå Fv. 209, hp1 ved km 1,816 er smalt og tilfredsstillar pr. i dag ikkje tekniske krav til utforming jfr. handbok N100 og V121. Talet på brukarar tilseier at det i avkøyrslpunktet skal vere minimum 6 x 54 meter sikt i begge retningar. Svingradius må vere minimum 9 meter. Skilta fart på staden er 50 km/t. Jfr. Nasjonal vegdatabank (NVDB) er ÅDT total berekna til 2500 køyretøy (2017). Busslomme er plassert like ved avkøyrsla.

Rammeplan

I «Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrensar for riks- og fylkesveg i Region vest (2017–2020) er Fv. 209 vist som haldningsklasse 3 – Mindre streng. Dette tilseier mellom anna at:

- Talet på direkte avkøyrslar til vegane skal vere avgrensa.
- Nye bustadavkøyrslar bør avgrensast. Val av plassering av avkøyrslar må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga
- Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredstilt

Statlige retningslinjer

Av statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging går det fram at *«Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafikk sikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.*

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettsteder, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. I henhold til klimaforliket er det et mål at veksten i persontransporten i storbyområdene skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange.

Planleggingen skal legge til rette for tilstrekkelig boligbygging i områder med press på boligmarkedet, med vekt på gode regionale løsninger på tvers av kommunegrensene.»

Null-visjonen:

Nullvisjonen for trafikk sikkerheten har som mål å planlegge, leggje til rette og utbetre vegnettet slik at alvorlige ulykker ikkje skal oppstå. Visjonen er ei klargjering av at det er moralsk og etisk uakseptabelt at folk blir drept eller hardt skadd i trafikkulykker. I tillegg utgjør ulykkene ein kostnad ved trafikksystemet som vi ikkje kan godta, på tross av dei fordelane vegtrafikken gir. Transportsystemet skal utformast på ein måte som fremjar trafikk sikker åtfærd hos trafikantane, og i størst mulig grad medverkar til at menneskelige feilhandlingar ikkje fører til alvorlige skader eller død.

Kommunens arealplan

Gnr. 43 bnr. 94 ligg i eit område som i kommuneplanen for Fjell er vist som bustadområde utan plankrav. Kommuneplanens føresegner pkt. 5 a setter krav til dokumentasjon ved søknad i slike områder:

«A. I område utan krav om regulering skal det ved søknad om oppføring av nye bustadeiningar dokumenterast at ROS (støy, flaum, steinsprang, brann o.l.) barn- og unges interesser, uteopphaldsareal, naturmangfald og kulturminne er ivareteke. Heimel: pbl §§ 11-9, nr. 3-7.

Tiltakshavars merknadar til saken:

Av søknaden går det fram: *«Vi ønskjer frådeling av to einebustadtomter frå 43/94 og ber om søknad om utvida bruk av avkøyrsløse.*

Det er i 2018 innført begrensing på gjennomkøyring på denne veg som gjer at trafikkmengde er vesentleg redusert i dei mest trafikkerte periodar sett opp mot tidlegare år. Trafikktilhøva i området er derfor betra vesentleg. Vi er og kjent med at fjell kommune har under arbeid regulering for utbetring av veg.

Ettersom tomter som skal delast ligg langt frå vegen og vi ikkje planlegg tiltak med utbetring av avkøyrsløse som påverkar eller legg føringar for framtidig utviding / tiltak, vil godkjenning ikkje medføre negative konsekvensar for framtidig vegutviding. Jfr vedlagt teikning stettar avkøyrsløse eksisterande tekniske krav til friskt etc. Det må eventuelt meislast litt i ein knaus

ved hjørnet på gbnr 43/754, men dette er bagatellmessig arbeid som ikkje er i konflikt med eller gir føringar for framtidige tiltak.


Vi er kjent med at vegvesenet har vore skeptisk til etablering av nye bustadområder som skal nytte vegen før utbetring er gjennomført. Fjell kommune har gjennom behandling av kommuneplan allereie tatt stilling til dette og har godkjent område for mindre bustadbygging basert på eksisterande tilhøve. Fleire bueiningar vil kreve reguleringsplan der det vert stilt rekkefølgekrav om vegutbetring. Vi ventar derfor at vegvesenet respekterer vedtatte planar og gir løyve der godkjente planar åpnar for mindre bustadbygging.»

Vegvesenet si vurdering av saka:

I juni 2017 blei det formelt varsla oppstart av planarbeid for Fv. 209. Hovudformålet med planarbeidet er å regulere for ei utbetring av vegen slik at den samsvarer med allereie utbeta vegstrekning vest på Fv. 209. Det skal regulerast fortau på ei side av vegen og leggst til rette for utviding av vegbana. Det skal også vurderast VA, belysning og andre trafikksikringstiltak og leggst til rette for trygge kryssingar av vegen. Det ligg føre skisserte løysingar, men planarbeidet er framleis i prosess.

Fv. 209 er i ny rammeplan vist som haldningsklasse 3. Som det går fram av rammeplanen tilseier dette at godkjenning til utvida bruk av avkøyrslar til bustadføremål normalt bør gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredstilt.

Statens vegvesen vil isolert sett ikkje motsette seg utvida bruk av avkøyrslar til gnr. 43 bnr. 94 all den tid tekniske krav til utforming kan oppfyllast. Ved vurderinga av ei avkjørselssøknad er det likevel slik at vegvesenet også skal legge vekt på framkomelegheit og trafiktryggleiken på vegen det er søkt om avkøyrslar frå.





Figur 1 Dagens situasjon Fv. 209

Sjølv om det er innført tiltak for å hindre gjennomkøyring i Arefjorden deler av døgnet, ligg tilhøva pr. i dag ikkje til rette for at mjuke trafikantar kan ferdast trygt til og frå Brattholmen. Her ligg mellom anna Brattholmen skule.

Dei seinare åra har Statens vegvesen fått eit auka ansvar for tilrettelegging for gåande og syklende. I Nasjonal transportplan 2014–2023 heiter det mellom anna at veksten i persontransporten i storbyområda skal takast ved kollektivtrafikk, sykkel og gange. Med bakgrunn i dette målet vert omsynet til gåande og syklende sterkare vektlagt også i enkeltsaker knytt til avkøyrslar.

Det er i søknaden vist til at kommunen allereie har opna for mindre bustadbygging i Arefjorden gjennom handsaminga av kommuneplanen. Statens vegvesen minner om at kommuneplanens føresegnar pkt. 5 også set krav om at tilhøve knytt til Risiko og sårbarheit (ROS) er ivareteke før ny utbygging kan skje. Trafikktryggleik er eit slikt tema. Fjell kommune har også ein eigen trafikksikringsplan. Her går det fram at det skal vere eit satsingsområde for perioden 2016–2020 å «sikra at trafikksikring blir teke i vare i all planlegging, sakshandsaming, politiske vedtak og utbygging» (s 30).

Det er Statens vegvesen si klare oppfatning at utbygging av aktuell eigedom må vente til eit tilbod til mjuke trafikantar er etablert. Den same vurderinga er lagt til grunn for handsaminga av andre søknader i dette området. Til dømes søknad om utvida bruk av avkøyrslar for nye bustadar på gnr. 43 bnr. 754 og gnr. 43 bnr. 183, 217.

Vi finn på bakgrunn av ei samla vurdering ikkje å kunne godkjenne avkøyrslar søknaden.

Vedtak:

Med heimel i veglova § 40 vedtar Regionvegkontoret å avslå søknad om utvida bruk av avkøyrslar for 2 bueiningar på gnr. 43 bnr. 94 i Fjell kommune.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast jamfør vedlagt «*Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak*»

Plan og forvaltning – Bergen


Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

<p>(1) Avsender (forvaltningsorganets stempel) Statens vegvesen</p>	<p>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningsloven § 27 tredje ledd)</p>
<p>(3) Mottaker (navn og adresse)</p>	<p>(2) Dato</p> <p>(4) Klageinstans Hordaland fylkeskommune</p>
<p>Denne meldingen gir viktige opplysninger hvis De ønsker å klage over vedtak De har fått underretning om.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage over vedtaket.</p> <p>Hvem kan De klage til? Klagen sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Hvis vi ikke tar klagen til følge, sender vi den til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - uker fra den dag De mottar dette brevet. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt før fristen går ut. Dersom De klager så sent at det kan være uklart for oss om De har klaget i rett tid, bør De oppgi datoen for når De mottok dette brevet. Dersom De klager for sent, kan vi se bort fra klagen. De kan søke om å få forlenget fristen, og da må De oppgi årsaken til at De ønsker det.</p> <p>Rett til å kreve begrunnelse Dersom De mener vi ikke har begrunnet vedtaket vårt, kan De kreve en slik begrunnelse før fristen går ut. Ny klagefrist blir da regnet fra den dagen De mottar begrunnelsen.</p> <p>Innholdet i klagen De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> – hvilket vedtak De klager over – årsaken til at De klager – den eller de endringer som De ønsker – eventuelt andre opplysninger som kan ha betydning for vurderingen av klagen <p>Klagen må undertegnes.</p> <p>Utsetting av gjennomføringen av vedtaket Selv om De har klagerett, kan vedtaket vanligvis gjennomføres straks. De kan imidlertid søke om å få utsatt gjennomføringen av vedtaket til klagefristen er ute eller til klagen er avgjort.</p> <p>Rett til å se saksdokumentene og til å kreve veiledning Med visse begrensninger har De rett til å se dokumentene i saken. Reglene om dette finnes i forvaltningsloven § 18 og § 19. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil da få nærmere veiledning om adgangen til å klage, om framgangsmåten og om reglene for saksbehandlingen.</p> <p>Kostnader ved klagesaken De kan søke om å få dekket utgifter til nødvendig advokathjelp etter reglene om fritt rettsråd. Vanligvis gjelder visse inntekts- og formuesgrenser. Fylkesmannen eller Deres advokat kan gi nærmere opplysninger om dette. Hvis vedtaket er blitt endret til Deres fordel, kan De etter forvaltningsloven ha krav på å få dekket vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dem om retten til å kreve slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombudsmannen Hvis De mener at De har vært utsatt for urett fra den offentlige forvaltnings side, kan De klage til Stortingets ombudsmann for forvaltningen (Sivilombudsmannen). Sivilombudsmannen kan ikke selv endre vedtaket, men kan gi sin vurdering av hvordan den offentlige forvaltning har behandlet saken, og om det er gjort eventuelle feil eller forsømmelser. Dette gjelder likevel ikke i saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De nå får Deres klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De derfor ikke senere bringe saken inn for Sivilombudsmannen.</p>	
<p>Særlige opplysninger</p>	



Rev.	Revisjonen gjelder	Tegnet	Kontr.	Godkjent	Dato
					05.04.17
	Søre Skorpeneset, gnr 43/bnr 94 Utvidet bruk av avkjørsel mot fv. 209				
	Skisse/forslag				
		Prosjektnummer			
		Arkivreferanse			
		Erstatn. for			
		Målestokk	1:500 m A3		
		Koordinatsystem	UTM/Euref89sone32		
		Tegning nr.	E-01	Rev.	

From: Sartor Maskin A/S <arild@sartormaskin.no>
Sent: 26. oktober 2018 09:30
To: Firmapost-Vest
Subject: Søknad om avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser,
154054461319215558388702660964
Attachments: Skisse avkjørsel_Skorpeneset-A3 Plan.pdf

Hei,

Statens vegvesen har mottatt en søknad om avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser.

Søknadens ID: **154054461319215558388702660964**

Steg 1 av 6

Søknaden gjelder for

Meg selv

Har den du søker for gitt samtykke?

Ikke relevant

Personen som det søkes for:

Sartor Maskin A/S

Steg 2 av 6

Type veg:

Fylkesveg

Vegnummer:

Fv 209

Kommune:

FJELL

Fylke:

Hordaland

Regionens epost:

vest

Gnr:

43

Bnr:

94

Festenr:

Arealformål:

bustad

Regulert område?

nei

Detaljkart:

Skisse avkjørsel_Skorpeneset-A3 Plan.pdf

Steg 3 av 6

Søkes det om avkjørsel:

ja

Søknad om avkjørsel:

Utvidet bruk

Søkes det om dispensasjon fra byggegrenser:

nei

Søknad om dispensasjon fra byggegrenser:

Ikke relevant

Annet:

Ikke relevant

Minste avstand fra nærmeste punkt på bygget til midten av vegen:

Ikke relevant

Steg 4 av 6

Begrunnelse:

Vi ønskjer frådelling av to einebustadtomter frå 43/94 og ber om søknad om utvida bruk av avkøyrslø.

Det er i 2018 innført begrensing på gjennomkøyring på denne veg som gjer at trafikkmengde er vesentleg redusert i dei mest trafikkerte periodar sett opp mot tidlegare år. Trafikktilhøva i området er derfor betra vesentleg

Vi er og kjent med at fjell kommune har under arbeid regulering for utbetring av veg. Etter som tomter som skal delast ligg langt frå vegen og vi ikkje planlegg tiltak med utbetring av avkøyrslø som påverkar eller legg føringar for framtidig utviding / tiltak, vil godkjenning ikkje medføre negative konsekvensar for framtidig vegutviding.

Jfr vedlagt teikning stettar avkøyrslø eksisterande tekniske krav til friskt etc. Det må eventuelt meislast litt i ein knaus ved hjørnet på gbnr 43/754, men dette er bagatellmessig arbeid som ikkje er i konflikt med eller gir føringar for framtidige tiltak.

Vi er kjent med at vegvesenet har vore skeptisk til etablering av nye bustadområder som skal nytte vegen før utbetring er gjennomført. Fjell kommune har gjennom behandling av kommuneplan allereie tatt stilling til dette og har godkjent område for mindre bustadbygging basert på eksisterande tilhøve. Fleire bueiningar vil kreve reguleringsplan der det vert stilt rekkefølgekrav om vegutbetring. Vi ventar derfor at vegvesenet respekterer vedtatte planar og gir løyve der godkjente planar åpnar for mindre bustadbygging.

Begrunnelse vedlegg:

Ingen filer vedlagt

Steg 5 av 6

Navn:

Sartor Maskin A/S

Adresse:

Pb 374
5343 Straume

Telefon:

41511104

E-post:

arild@sartormaskin.no

Steg 6 av 6

Søkeren har godkjent at alle opplysningene er riktige. (ja)

Mvh, Kommunikasjonsstaben, webteamet